



Innkalling til Kommunestyret

Møtedato: 27.09.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 15.00

Medlemmene i kommunestyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Sakliste

Saknr	Tittel
85/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
86/2017	Godkjenning av møtebok
87/2017	Referatsaker
88/2017	Orientering om status Alver kommune
89/2017	Økonomisk rapportering 2. tertial 2017
90/2017	Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune
91/2017	Innkjøpsrutine for Miljøomsyn ved innkjøp
92/2017	Tiltak for å sikre elevar eit trygt og godt skulemiljø
93/2017	Vedtekter for Meland kulturskule - revidering

12. oktober 2017

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/1696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
85/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/1696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
86/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Godkjenning av møtebok frå møte 22.06.17

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 22.06.2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 22.06.17 vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/1696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
87/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
87/2017.1	Et rikt hav hvis vi tar ansvar nå - stopp forgiftningen av maten vår - Opprop til regjering og Storting
87/2017.2	Særutskrift frå møte i ULK 12.09.17, sak 65/2017 - Resultat UngData 2017
87/2017.3	Årsmelding
87/2017.4	Avvikling av kommunale heimevernsnemnder

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild		17/1696

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
88/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Orientering om status Alver kommune

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	17/2121

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
97/2017	Formannskapet	PS	20.09.2017
89/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Økonomisk rapportering 2. tertial 2017

Vedlegg:

Økonomirapport Meland 2 tertial 2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann legg fram nytt rapport-oppsett for økonomisk status og nøkkeltal per 31.08.2017 (2. tertial) Rapporten har 3 hovuddeler:

1. Status drift per tenesteområde og status investeringsprosjekt.
 - a. Svarer til månadsrapporten som vert rapportert månadleg til formannskapet
 - b. Enkel oppsummering med framlegg til eventuelle budsjettendringar.
2. Finansrapporten som finansreglementet krev at vi skal legge fram kvart tertial.
3. Diverse ikkje-økonomiske nøkkeltal

Vurdering

Per 31.08.2017 viser driftsrapporten at dei fleste tenesteområda reknar med å halde seg innanfor rammene i revidert budsjett. På barnehageområdet reknar vi med eit meirforbruk i 2017 på kr 3,0 mill som følgje av monaleg auke i utgifter til spesialpedagogiske tiltak i barnehagane og høgare utgifter til refusjon for redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid. I 2016 fekk vi eit meirforbruk i forhold til budsjett på denne posten med kr 2,6 mill., og det er dette meirforbruket vi dreg med oss inn i 2017. Budsjettet for 2017 er basert på rekneskap 2015 og budsjett 2016, og tek ikkje tilstrekkeleg høgde for effektane av nye rettar for barn og foreldra i barnehagane som har kome i løpet av det siste året.

Kr 1,0 mill til prosjekt omsorgsteknologi var del av Kommunestyret sin budsjettvedtak for 2017, finansiert med midlar frå disposisjonsfondet. I vedtaket det ikkje spesifisert kor mykje som skal til drift og kor mykje til investering. Heile prosjektet vart lagt inn som investering. Det viser seg no at vi må bokføre noko av prosjektet i driftsrekneskapen. Rådmannen gjev difor framlegg om å redusere investeringsbudsjettet med kr 500.000,- (kr 400.000,- pluss mva kr 100,000,-) og auke driftsbudsjettet med kr 400.000,-. Summen vert å fordele til opplæringstiltak på sjukeheimen og i heimetenesta.

Endringane vil gjere at bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen for 2017 aukar med kr 3,4 mill frå kr 3,15 mill til kr 6,55 mill.

Rapporten viser elles at vi reknar med at utbygginga på Grasdal skule kjem ut med eit meirforbruk på om lag kr 1,5 mill. Dette skuldast fukt- og råteskadar i taket på den gamle delen som måtte utbetrast, auka kostnader til brannsikring og til parkeringsplass. Vi reknar med at prosjektet på Sagstad skule kjem ut godt under budsjettet, og rådmann vil fremje eigen sak om overføring av budsjettmidlar frå Sagstad-prosjektet til Grasdal i eigen sak.

Finansdelen i tertialrapporten viser at finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen er innanfor gjeldande finansreglement.

Sjå elles vedlegget for status på nøkkeltala framlagt i rapporten.

Oppsummering av framlegg til budsjettendringar:

Det er delegert til rådmannen å fordele driftsmidlar til dei ulike tenesteområda. Kommunestyret skal gjere vedtak om dei overordna rammene, og rådmannen gjer difor framlegg om følgjande endringar i driftsbudsjettet for 2107:

1. Auke bruk av disposisjonsfond: kr 3.400.000,-
2. Auke utgiftsramma til tenesteområda delegert til rådmannen å fordele: kr 3.400.000,-.

Rådmannen gjer vidare framlegg om følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

3. Reduksjon kr 500.000,- prosjekt 376 Omsorgsteknologi / kvardagsrehabilitering m/utstyr
4. Reduksjon bruk av disposisjonsfond kr 400.000,-
5. Reduksjon mva-refusjon kr 100.000,-.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek økonomisk rapport per 2. tertial til orientering.

Kommunestyret godkjenner at det vert gjort endringar i budsjettet for 2017 slik:

Driftsbudsjettet:

1. Auke bruk av disposisjonsfond: kr 3.400.000,-
2. Auke utgiftsramma til tenesteområda delegert til rådmannen å fordele: kr 3.400.000,-

Investeringsbudsjettet:

3. Reduksjon kr 500.000,- prosjekt 376 Omsorgsteknologi / kvardagsrehabilitering m/utstyr
4. Reduksjon bruk av disposisjonsfond kr 400.000,-
5. Reduksjon mva-refusjon kr 100.000,-

Framlegg til vedtak frå formannskapet finn du i møteportalen etter møte i formannskapet 20.09.17.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FE - 033	17/2171

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
90/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune

Vedlegg:

Særutskrift frå fellesnemnda - sak mandat og reglement for Alver kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland og Radøy skal slå seg saman og byggje Alver kommune. Kommunane har oppretta ei fellesnemnd for å samordne og førebu etableringa av den nye kommunen som skal vere operativ frå og med 1. januar 2020.

Nemnda skal i sin virkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei tre kommunane, jf. inndelingslova § 26, 1.ledd. Etter inndelingslova § 26, 4. ledd skal andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda bli fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra. Råd frå evaluering av andre kommunesamanslåingar er klar på at det er viktig med gode og vide rammer for fellesnemnda.

Kommunestyra må gjere likelydande vedtak for at mandat og reglement skal vere gjeldande for fellesnemnda.

Fellesnemnda for Alver kommune handsama 5. september mandat og reglement for fellesnemnda. Fellesnemnda kjem med følgjande innstilling til kommunestyra i Radøy, Lindås og Meland:

Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune

1. Formål

Kommunane Radøy, Lindås og Meland har vedteke å gå saman om å skape ein ny, felles kommune. Kommunane opprettar ei fellesnemnd for å samordne og førebu etableringa av den nye kommunen som skal vere operativ frå og med 1. januar 2020.

2. Oppnemning. Samansetting. Funksjonstid

2.1 Radøy (5), Meland (6) og Lindås (10) vel kvar sine faste medlemer og vara i fellesnemnda. Valet skjer av og blant dei faste medlemene av kommunestyret.

2.2 Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.

2.3 Fellesnemnda startar sin funksjon i konstituerande møte september 2017.

Funksjonstida går ut når det nye kommunestyret, som blir vald ved kommunestyrevalet 2019, er konstituert etter reglane i inndelingslova § 27.

2.4 Ordførarane utgjer fellesnemnda sitt saksførebuande utval. Varaordførar trer inn ved forfall. Rådmennene og programansvarleg deltek i møta i utvalet. Utvalet skal fastsetje agenda for møta og koordinere sakene til fellesnemnda.

Utvalet kan få delegert mynde frå fellesnemnda jfr. inndelingslova § 26, 6. ledd.

Koordinerande tillitsvald deltek under handsaming av saker til partssamansett utval.

2.5 Det skal opprettast eit partssamansett utval, jamfør inndelingslova § 26, 2. ledd, med til saman tre representantar frå dei tilsette og fire arbeidsgjevarrepresentantar.

Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval er leiar av fellesnemnda, to valte representantar frå fellesnemnda og programansvarleg/rådmann. Blant disse skal det veljast leiar og nestleiar.

Tilsettere representantar vert valt av tillitsvalde i kommunane. Ein representant for vernetenesta i kommunane møter med talerett.

3. Oppgaver etter inndelingslova:

3.1 Fellesnemnda skal førebu arbeidet med kommunesamanslåinga, og sikre naudsynt samordning mellom dei tre kommunane fram til konstituerande møte er halde for nyvalt kommunestyre hausten 2019.

3.2 Fellesnemnda skal gjennomgå og vurdere alle prinsipielle forhold ved samanslåingsprosessen.

3.3 Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplan og budsjett for første driftsår. (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, første punktum), her under framlegg til satsar for gebyr, avgifter og eigenbetaling. Arbeidet skal vereferdig innan utgangen av juni 2019. (Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret (2019) (jf. pkt. 5.3.2 i Rundskriv H-10/15 om inndelingslova)).

3.4 Fellesnemnda skal gje fråsegn til departementet (fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane som er nemnde i kapittel 1 i dette reglementet (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, andre punktum).

4. Fellesnemnda, skal med dei føringane som ligg i intensjonsavtalen for Alver kommune:

4.1 Planlegge og gjennomføre informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane under etableringa av Alver-kommunene.

4.2 Ta hand om det førebuande arbeidet med planprogram for planstrategi for Alver kommune.

4.3 Utarbeide eit samla reglement for den folkevalde styringsstrukturen. Reglementet skal vere grunnlaget for det nye kommunestyret sine val til dei aktuelle organa hausten 2019, jf. pkt. 6.3. i intensjonsavtalen.

4.4 Fellesnemnda skal orienterast undervegs av programansvarleg om arbeidet med modellen for den administrative styringsstrukturen.

4.5 Utarbeide framlegg til reglement med delegert mynde frå kommunestyret til andre folkevalde organ, og til rådmannen. (Vert vedteke av Alver kommune, desember 2019).

4.6 Vurdere eigarskap og kva for interkommunalt samarbeid som vert ført vidare som no, eller eventuelt i endra form, og om det er nye tenester og oppgåver som bør bli utført ved interkommunalt samarbeid. Styrande for vurderinga skal mellom anna vere styrking av lokaldemokratiet.

4.7 Utarbeide overordna planverk for å ivareta samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.

5 Fellesnemnda får fullmakt til å:

5.1 gjere vedtak i alle saker som er naudsynte for å etablere den nyekommunen

5.2 tilsetje rådmann og plassere inn dei eksisterande rådmenn i Alver kommune. Rådmannen vert programansvarleg for kommunesamanslåingsprosessen. Ordførarane og koordinerande tillitsvalt er tilsettingsutval.

5.3 tilsetje personell i den nye kommunen, i tråd med omstillingsavtalen.

5.4 gjere vedtak om godtgjersle og reglement for politisk arbeid i Alver kommune.

5.5 gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. inndelingslova § 26 femte ledd, første punktum.

5.6 inngå naudsynte avtalar om leige av kontorlokale, innkjøp av utstyr, og andre avtalar for å etablere den nye kommunen.

5.7 Utarbeide arbeidsgjevarpolitikk og andre personalpolitiske reglement og planar for den nye kommunen i tråd med hovudavtalen, omstillingsavtalen og arbeidsmiljølova.

5.8 inngå omstillingsavtale.

5.9 delegere mynde vidare til rådmann/programansvarleg .

6. Forholdet t til dei eksisterande kommunane

Kvar av kommunane har i perioden fram til kommunesamanslåinga ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha vesentleg betydning for den nye kommunen bør drøftast i fellesnemnda før endeleg avgjerd i dei respektive kommunestyra.

7. Arbeidet i fellesnemnda

7.1 Fellesnemnda arbeider etter prinsippet for ein prosjektorganisasjon og med programansvarleg som dagleg leiar.

7.2 Programansvarleg rapporterer om sitt arbeid til nemnda.

7.3. Kvar av deltakarkommunane, jf. kapittel 1 i dette reglementet, stiller med administrativt personell for å hjelpe fellesnemnda og programansvarleg til å løyse sine oppgåver.

7.4 Medlemmer av fellesnemnda og politisk valde representantar i underutval og delprosjekt skal ha godtgjersle som følgjer av eige reglement.

7.5 Innkalling til og referat frå møta i fellesnemnda skal gå som kopi til kommunane så snart dei er klare. Denne informasjonen skal bli lagt fram som melding eller eiga sak til kommunestyra etter nærare reglar fastsett av kvar kommune.

7.6 Lindås kommune tek ansvar for arkiv og dokumentasjon, knytt til etableringa av nye Alver kommune.

8. Økonomi

Fellesnemnda disponerer eingongstilskot, reformstøtte og andre midlar tildelt i samband med kommunesamanslåinga. Gjeld ikkje kompensasjon for redusert basistilskot.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner Fellesnemnda for Alver kommune sitt framlegg til mandat og reglement for fellesnemnda.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - K20, FE - 601	17/1953

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
88/2017	Formannskapet	PS	30.08.2017
91/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Innkjøpsrutine for Miljøomsyn ved innkjøp

Vedlegg:

Miljøomsyn ved innkjøp

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland rådhus skal bli sertifisert som Miljøfyrtårn hausten 2017. Miljøsertifiseringa vert gjort som ein hovedkontormodell der rådhuset er hovedkontoret, og har ansvaret for å oppfylle alle miljøkriterier som er felles for heile organisasjonen. Dette gjev andre tenestemråde færre og enklare kriterier å forholde seg til dersom dei seinare skal bli sertifisert.


Eit av områda miljøsertifiseringa omhandlar er innkjøp.

Vurdering

Kvart år kjøper Meland kommune inn varer og tenester for mange millionar kroner. Alt frå kontorrekvisita til nye bygg og anlegg. Det er difor viktig å stille miljøkrav i innkjøpa våre. Eit miljøfyrtårnkrav er at vi skal stille miljøkrav til alle vesentlege innkjøp av tenester og varer. For å gjere det enklare å følge opp dette kravet er det utarbeidd ei Innkjøpsrutine for miljøomsyn ved innkjøp. Innkjøpsrutinen er basert på ein mal frå Miljøfyrtårn.

Formålet med innkjøpsrutinen er å sikre at vi berre kjøper det vi faktisk har behov for, og at dei produkta og tenestene vi kjøper inn er miljøvennlege.

Innkjøpsprosessen inneheld fleire steg kor det er viktig å tenke miljø:



Figur: Stegene i innkjøpsprosessen

Miljøvurderingar i innkjøpsprosessen

1. Behovsvurdering: Er det faktisk behov for innkjøpet?
2. Undersøk marknaden: Kva miljøkrav kan stillast?
3. Gjennomfør konkurranse: Vurder korleis miljøkrava kan sikrast. Eksempel:
 - Krav om miljøleingsystem (ISO, Miljøfyrtårn osv)
 - Krav om miljømerka produkt (Svanen, Fairtrade osv)

Innkjøpsrutinen inneheld eksempel på miljømerka produkt og ulike miljøleingsystem kommunen kan stille krav om i innkjøpsprosessen. Kva krav som skal stillast bør vurderast særskilt i den enkelte anbudsprosessen. Nokre bransjar vil ha kome lenger i bruk av miljøvennlige produkt og miljøleingsystem enn andre. Her kan kommunen sette strengare krav enn i bransjar som ikkje har kome like langt. Det er viktig å finne ein god balanse som både sikrar god konkurranse og at viktige miljøkrav vert teke i vare. Slik kan kommunen ivareta både økonomiske og miljømessige omsyn. Implementering av rutinen vurderast også å vere positiv for folkehelsa til både ansatte og brukarar av kommunen sine tenester.

Mange av innkjøpa våre vert gjort gjennom felles rammeavtaler i innkjøpsamarbeidet med Bergen kommune. Innkjøpsavdelinga i Bergen kommune er Miljøfyrtårnsertifisert, og sikrar at det vert satt miljøkrav i desse innkjøpa. Dei fleste produkta i desse rammeavtalene ligg i ein felles E-handelportal. Her føregår det eit arbeid med å gjere det enklare å finne fram til og velje økologiske og miljømerka produkt.

Innkjøpsrutinen må forankrast i organisasjonen og vere tilgjengeleg på intranett.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner Innkjøpsrutine for Miljøomsyn ved innkjøp. Innkjøpsrutinen gjeld for heile kommunen.»

Formannskapet - 88/2017

FS - behandling:

FS - samrøystes framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner Innkjøpsrutine for Miljøomsyn ved innkjøp. Innkjøpsrutinen gjeld for heile kommunen.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - B08, TI - &76	17/1349

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
59/2017	Utval for levekår	PS	12.09.2017
102/2017	Formannskapet	PS	20.09.2017
92/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Tiltak for å sikre elevar eit trygt og godt skulemiljø

Vedlegg:

Særutskrift fra ungsomsrådet - Tiltak for å sikre elevar eit trygt og godt skulemiljø.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I vedtak frå kommunestyret 29.3.2017 i sak nummer 35/2017 står det: «(...) Rådmannen blir beden leggje fram sak for Utval for levekår og kommunestyret med konkrete framlegg til tiltak for å hindra mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen. På ULK-møtet 30. mai skal politikarar og administrasjonen/rektorar drøfte ytterlegare tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen (workshop). Kommunestyret må få saka til handsaming seinast i møtet 14.06. 2017».

I juni 2017 fatta kommunestyret eit vedtak i sak nr. 70/2017 «Kommunestyret tek løypemelding til vitande. Frist for når kommunestyret får saka til behandling vert utsett til første møte i kommunestyret hausten 2017, og etter at Utval for levekår har behandla saka.»

Utval for levekår gjennomførte ei workshop 30.5.2017 og gjorde vedtak i sak nr. 45/2017 som seier: «Administrasjonen går gjennom dei synspunkta som vart skriftleggjort på «kafeane» og legg fram sak for ULK på septembermøte».

På workshop i Utval for levekår deltok rektorane, helsesystem, psykolog frå PPT, representant frå ungdomsrådet, FAU-representantar, kultur- og ungdomskonsulent, samfunnsutviklar, kommunal barnehageleiar, Utdanningsforbundet, rådgjevar helse og skulefagleg rådgjevar. I tillegg var tre eksterne representantar invitert med, to frå Regionalt kompetansesenter for barn og unge (RKBU) og PP-leiar/prosjektleiar for «Trygg i Fjell» frå Fjell kommune.

Workshop har vore med å inspirere og motivere til fornya innsats. Det kom inn til saman 154 innspel. Mange av innspela er samanfallande og like. Fleire av innspela er overordna og generelle, mens andre er meir spesifikke og konkret. Innspela er samanfatta i kulepunkta under:

- Foreldresamarbeid. Haldingar (aksept for ulikheit og mangfald), foreldre gode rollemodellar, kommunikasjon, kveldskurs, skule formilder ærleg det dei ser, tydeleg informasjon til føresette (om rutinar og aktivitetsplikt), foreldre blir kjent med kvarandre, styrke tillit mellom skule og heim, foreldre føl med, gi foreldre ansvar for klasse miljøet og ikkje berre einskildelevar, dialog på foreldremøter, foreldretreff på ungdomsskulen, samtalekort for å hjelpe foreldre å snakke om tema
- Felles aktivitet for elevar – når foreldre har møter. Barnebursdagar og foreldretreff samtidig
- Gode overgangar
- Dialog, erfaringsutveksling og samarbeid på tvers av ulike arenaer, felles forståing, skape gode haldningar
- Oppfølging av kommunepsykolog og helsesøster
- Gi barn og unge ferdighet i sosial kompetanse
- Overordna kommunal plan mot mobbing. Sikre overbygning og heilhet. Langsiktige og felles mål, lage slagord. Forankre politisk og i heile organisasjonen, skule/fritid/gjennomsyre miljøet, felles overbygning - få med heile samfunnet, bygge felles kultur, folkebevegelse i kommunen, omdømmebygging, byggje tillit, spreie informasjon og kunnskap. God marknadsføring av tiltak som vert sett inn, null toleranse, felles tanke/haldningar på tvers av ulike arenaer
- Starte arbeidet i barnehagen – haldningar, konflikthandtering. Involvere private barnehagar.
- Førebyggjande arbeid, haldningsskapande arbeid, sterke "filmsnutter" på Snap o.l.
- Miljøterapeut i skulane, beredskapsteam mot mobbing (utvide helseteam, basisteam)
- Tiltak vert handtert i skulane sitt eige system, alle tilsette (på skulen) må kjenne plikten sin, aktivitet i skulemiljøutval, Rektor må være informert, mobbing fast tema elevsamtale, Fokus på implementeringskvalitet, evaluere tiltak
- Lage standard – handtering av mobbesaker, disiplin
- Leikepark – leggje til rette for uorganisert leik
- Definisjon av omgrepet mobbing må vere tydleg – maktovergrep
- Oppfølging av den som har blir mobba
- Bruke naturen, stimulere områder ute
- Utfordre frivillige lag og organisasjonar til å fokusere på mobbing, felles kurs for frivillige, få råd frå ungdomsrådet i forhold til frivillige organisasjonar, frivillige trenere er ein ressurs i mobbearbeid, Natteravn
- Verne om varslarane
- Kommunalt FAU, Konfliktråd
- Modellere i sosiale medier
- Bruk av SMS-varsling
- Felles foredrag barnehage/skule
- Fokusere på effekten av langvarig mobbing
- Bruke «Barnevakten» til forebyggede arbeid mot mobbing
- Antimobbe-komite på hver skole
- Avklare rolle og forventning
- Mer fokus på å stoppe mobbing
- Forankre i leiargruppa - her må vi jobbe sammen
- Felles språk/forståelse
- Rolleavklaring. Kva er rollene våre - korleis oppfører vi oss som tenåringar?
- Samarbeid – idrettsrådet
- Informasjon og opplæring
- Tverrfaglig i frivillig arbeid. Ungdomsrådet er en ressurs
- Intensjonsavtaler

Mange av innspel over er omhandla i skulane sine handlingsplanar mot mobbing, årshjul og handtert på foreldremøter og i samarbeid med rådsorgana. Det totale arbeidet med skulemiljøet vert evaluert årleg med rådsorganda på skulane. Handlingsplan mot mobbing på kvar skule vert revidert med nye lovendingar og når intern evaluering gir grunnlag for endring.

Stortinget har vedtatt nytt regelverk om skulemiljø i § 9a i Opplæringslova. Det nye regelverket gjeld frå 1. august 2017. Utdanningsdirektoratet har laga eit nytt rundskriv (Udir – 3 – 2017) som gir informasjon om kva skulen skal gjere om ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, og om elevar og foreldre sin muligheit til å melde saka til fylkesmannen.

For skulen og kommunen er det særskilt reglane om ny aktivitets- og dokumentasjonsplikt som får mykje å seie for det vidare arbeidet. Det sentrale ved dei nye reglane om ei aktivitetsplikt for skulane, er at denne plikta skal erstatte rektor si plikt til å fatte enkeltvedtak i skulemiljø saker (med få unntak). Skulen skal raskt reagere og handle for å sikre retten til eit godt og trygt skulemiljø. Aktivitetsplikta for skulen er særleg skjerpa dersom ein som er tilsett på skulen krenker ein elev. Aktivitetsplikta gjeld alle som arbeider på skulen.

Aktivitetsplikta er delt i fem delplikter:

1. **Plikt til å følgje med**

Plikta startar ved mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Det er ein plikt for den enkelte å vere årvaken og aktiv observere korleis elevane agrarar kvar for seg og seg imellom.

2. **Plikt til å gripe inn**

Alle skal gripe inn overfor krenkingar. «Gripe inn» skjer med ein gong og er retta mot å stoppe ein situasjon som er i gang og er forholdsvis akutt.

3. **Plikt til å varsle**

Rektor skal varslast ved all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor kan delegere oppgåva (ikkje ansvaret). Rektor skal varsel skuleeigar i alvorlege tilfelle.

4. **Plikt til å undersøke**

Plikta startar når ein har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Terskelen skal vere låg. Plikta blir alltid utløyyst dersom ein elev sjølv seier frå at han eller ho ikkje opplever at det er trygt og godt på skulen.

5. **Plikt til å sette inn tiltak**

Skulen har ei plikt til å setje inn tiltak som er eigna til å sørgje for at eleven får eit godt og trygt skulemiljø. Plikta omfattar å følgje opp tiltaka og evaluere korleis tiltaka verkar. Dersom eleven opplever å ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal dette alltid utløyse aktivitet og plikt til å setje inn tiltak.

Kjelde: Fylkesmannen i Hordaland sine heimesider

Involverte elevar skal bli høyrte, og eit grunnleggjande omsyn skal vere elevane sitt beste. Når det skal setjast i verk tiltak, skal skulen lage ein skriftleg plan for dette. Skulen skal også dokumentere kva som er blitt gjort for å løyse saka. Dette er ei forenkla framstilling av reglane. For ei meir detaljert framstilling av ordninga viser vi til lovteksten og forarbeida til lova.

Vurdering

Utgangspunktet er at tiltak mot mobbing i skule vert handtert innan for dei system som allereie eksisterer. Slike system er lovreguleringar, rutinar, handlingsplanar, årshjul og internkontroll som skal sikre at lov og forskrift vert følgt. Ytterligare tiltak vil krevje auka ressursar ute på skulane og på kommunalt administrativt nivå. I det vidare arbeid har rådmann vurdert to alternativ. Innspel frå workshop vil bli tatt med i det vidare arbeidet med *temaplan oppvekst* saman med resultat frå

Ungdata 2017 (Ungdata er lokal ungdomsundersøking som vert tilbydt gratis til alle kommunar og fylkeskommunar).

Alternativ 1:

Innspel frå workshop blir formidla til tenesteområdeleiarar for orientering og oppfølging. Innspel blir brukt til å betre praksisen og innarbeid i den ordinære drifta (så langt det passer). Dei aktuelle tenesteområda er helse, skule, barnehage, kultur som vil bruke eigne system for å betra praksisen.

Det vert ikkje satt av ytterlegare ressursar til koordinering av tiltak mellom tenestane utover det som allereie ligg til rette for i dag t.d. rektormøter, styrmøter, leiarmøter og helseteam m.m. Skulane vil ha særskilt fokus på å implementere (realisere) dei nye retningslinene som gjeld frå 1.8.2017 og styrke foreldresamarbeidet. Det vert ikkje tildelt ekstra ressurs utover tildelt ramme.

Tenesteområde Helse har styrkt nærvær av helsesystemer på alle skulane, og arbeid med tilsetning av kommunepsykolog frå november 2017 er i gong. Kommunepsykolog sin viktigaste oppgåve er menneske med risiko for å utvikle eller har utvikla problem knytt til psykisk helse, vold eller traumar. Barn og unge er særskilt prioritet. Eit konkret tiltak som kom fram i workshop var bruk av helsesystemer og kommunepsykolog.

Fysioterapeut er engasjert 100% prosjektstilling som gjeld ut februar 2018, og har vore i aktivitet ½ år. Eit konkret døme på arbeidsoppgåver er samarbeid med helsesystemer i undervisning i forhold til psykisk helse 8. og 9. trinn på Meland ungdomsskule. Ho gir også undervisning (gruppe og individuelt) når det gjeld fysisk aktivitet, kroppsbevissthet, otting (anspenhet), konsentrasjon, pauseaktiviteter og stillingsforandring.

Alternativ 2:

Rådmann lager eit 2-årig prosjekt for perioden 2018-2019. Kostand er estimert til kr. 2 million.

- Kr. 800.000 årleg til miljøarbeidarstilling (100 %). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog og nettverksbygging og miljøarbeid i skulane
- Kr.200.000 til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialog

Alternativ to gir muligheit for å arbeide meir overordna, langsiktig og breiare. Tiltaka kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond.

Folkehelse – begge alternativ vil styrke det førebyggjande og helsefremmande arbeidet for barn og unge.

Miljø – ikkje aktuelt

Økonomi – er omtalt over.

Konklusjon

Skuleåret 2017-2018 treng skulane tid og kunnskap til å realisere dei nye reglande som er gjelande frå 1.8.2017. Innspel frå workshop vert vidareformidla til aktuelle einingar for orientering og vidare oppfølging. Rådmann tilrår at kommunestyret vedtek alternativ ein i saksutgreiinga.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek alternativ ein i saksutgreiinga. Innspel frå workshop i Utval for levekår 30.5.2017 vert handtert innanfor tenesteområda sine eigne system. Skuleåret 2017-2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglande i § 9a i Opplæringslova om skulemiljø som er gjelande frå 1.8.2017»

Utval for levekår - 59/2017

ULK - behandling:

Endringsframlegg frå Sølvi Knudsen (Sp):

"Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenesteområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17."

Endringsframlegget vart samrøystes **vedteke**.

Tilleggsframlegg frå Kjersti V. Nesse (Ap):

"Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:

- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.
- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter. Prosjektarbeidet skal gje mulighet for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond."

Tilleggsframlegget fekk **5 røyster for** (1 Sp, 2 H, 1 Frp, 1 Ap) og **1 røyst mot** (1 Krf), og vart såleis **vedteke**.

ULK - framlegg til vedtak:

Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenesteområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17.

Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:

- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.
- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter. Prosjektarbeidet skal gje mulighet for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond.

Framlegg til vedtak frå formannskapet finn du i møteportalen etter møte i formannskapet 20.09.17.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - A30, TI - &00	17/600

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
93/2017	Kommunestyret	PS	27.09.2017

Vedtekter for Meland kulturskule - revidering

Vedlegg:

Vedtekter frå 1. mars 2015

Vedtekter frå 1. januar 2011

Vedtekter for Meland kulturskule - revidering

Vedtekter for Meland kulturskule - revidering

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka om revidering av vedtekter for Meland kulturskule vart i møte i Kommunestyret den 10.5.2017, KS-47/2017, utsett med bakgrunn i korleis inntetsgrensa vert fastsett for redusert eigenbetaling, jf. punkt 21. I møte i Kommunestyret den 14.6.2017, KS-73/2017, vart saka utsett på nytt. Saka vart opphavleg handsama i Utval for levekår den 21.3.2017, ULK-30/2017.

Vurdering

Saka vert fremma på nytt for Kommunestyret. For utdypane bakgrunn vert det vist til tidlegare saksframlegg, som ligg ved denne saka.

Kulturskuleåret 2017/18 er påbegynt, og ein er avhengig av ei avgjerd i saka med omsyn til drifta av tilbodet.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 7, 13, 17 og 23, slik det går fram av KS-47/2017. Punkt 21 vert teken inn med tekst:

Hushald med inntekt lågare enn den til ein kvar tid gjeldande satsen for gratis kjernetid i barnehagar brutto per år kan søkje kommunen om redusert eigenbetaling, til 50% av gjeldande sats, for barn opp til 16 år med plass i kulturskulen. Med søknaden må det følgje inntektsopplysningar. Fristar er 1. mai og 1. november. Som hovudregel gjeld søknaden ut skuleåret. Makstal på elevplassar med redusert eigenbetaling er 10 plassar.

Dei andre punkta vert ståande som i vedtektene frå 2015

